

TURSTIAR JØSNESET




- Traktorveg
- Tursti
- Riksveg
- Fylkesveg
- kommunal veg
- Privat veg

Meir turinfo:
www.josneset.no
www.facebook.com/josneset

Nasjonalforeningen for folkehelsen  Jøsneset helselag

Velkommen på tur på Jøsneset



Tur 1. Gunlanuten 829 moh – Turpost Helselaget

Høgaste punktet på Jøsneset. Nuten ligg høgt og fritt på halvøya, og er omkransa av tre fjordar. Utsikten herfrå er fantastisk; ned til Erfjord, utover fjordlandskapet og innover mot Ryfylkeheiane i aust. Relativt tung tur, ca gangtid totalt ca 5–6 t. To alternative ruter. Begge rutene passerer Fosstemmen 380 moh; der er det tilrettelagd for allmennheita med ein flott gapahuk, bålpanne og kanoar i vatnet.

Alternativ 1: start Foss ca 100 moh: bratt skogsveg 4–5 km forbi Fosstemmen til Skiftustølvatnet. Vidare på godt merka sti, forbi tregrensa Grøna Lia og deretter opp over den opne snauheia mot nuten. Lengd ca 7 km

Alternativ 2: start Åsland 260 moh: merka sti austover forbi Håvehammar og opp forbi Fosstemmen. Vidare innover gamlestien i Fossmarka til Skiftustølvatnet. Deretter som rute 1. Lengd ca 8 km



Tur 2. Tausanibba 500 moh, Herefjellet – Turpost Helselaget

Tausanibba ligg i eit ope flott fjellparti med mange turmulegheiter. Start Åsland, ca 260 moh. Bratt stigning på sti rett opp til snaufjellet. Men er ein først kome opp på Herefjellet vil ein aldri angre: snau og vakker lynghei med himmelvid utsikt over heile Ryfylke. Turen kan tas som rundtur via Hedlestøl og ned igjen til Åsland, totalt ca 3,5 km. Åsland–Tausanibba: ca 1 km, ca 250 m stigning, Gangtid opp ca 1 t. Rundtur ca 2 t gangtid

Tur 3. Norda Høgaste, 690 moh, Herefjellet – Turpost Helselaget


Start Åsland, via Tausanibba over vestsida av Herefjellet. Norda Høgaste er høgaste punkt på Herefjellet. Mektig utsikt, bratt ned Halvardskarsjuvet mot Bogsund og Erfjord. Fleire ruter ned igjen, anten ned via Åsland eller ned via Skiftustøl/Foss. Åsland–NordaHøgaste: ca 2,5 km, ca 430 m stigning. Gangtid opp ca 2 timar.

Tur 4. Nesdaalsfjellet, ca 170 moh, Nesvik – Turpost Helselaget

Kort og fin rute i nærmiljøet. Start på Nesvik v/ FV 656; først langs frukthagar og dyrka mark. Merka rundløype dels skogsveg og dels sti. Nokre bratte, små kneiker. Barnevennleg og fin tur. Utsikt over Nesvik, Ombofjorden og rett ned til ferjekaien Nesvik. Rundtur: ca 1,5 km. Gangtid: ca 1 t i roleg tempo

Tur 5. Brynå, ca 150 moh, Asheim – Turpost Helselaget

Ein kort, koseleg og fin tur i nærmiljøet. Brynå passer bra som ein liten «solnedgangstur» for utsikten rettast seg vestover Nedstrandsfjorden og Haugalandet. Start ved FV656 ved Austad: dels jordbruksveg og dels sti. Vidare oppover på sti på eikekledd berg og knausar. Retur via tunet på Asheim og ned Åslandsvegen. Rundtur ca 2 km. Gangtid: ca 1 time.



Tur 6. Røssenibben, 718 moh – Turpost Helselaget

Røssenibben er ein av Jøsneset sine mest markante toppar, godt synleg frå fjorden. Herfra ser du heile Jøsenfjorden i all sin prakt, innover og utover. Turen kan gjerne starte på Foss via Giskelia. Men eit alternativ er start i Bastlid: følg skogsvegen bratt opp ca 1,5 km, deretter bratt sti gjennom flott høgrest furuskog og deretter snauberg og høghei. Tungt, men nydelig! Ruta går òg innover langsmed fjorden eit stykke, før det på slutten går rett opp til topps. Bastlid–Røssenibben: ca 4 km, 700 m stigning, gangtid t/r ca 3–4 t



Tur 7. Valafjellet, 713 moh – Turpost Helselaget

Valafjellet er òg ein av Jøsnesbygda sine markerte nutar, og ligg òg langt ut mot Jøsenfjorden, Fantastisk utsikt, spesielt utover fjorden mot Hjelmeland, Randøy og Ryfylkeøyane. Open og fin snauhei. Ta av frå den merka Gunlanut-ruta. Fin kombinasjon med dei andre toppane i heia. Døme: gangtid t/r Foss ca 4 t.



Tur 8. Nesvikheia rundt

Flott skogstur i lett kupert låglandsterrang. Turen kan td starte slik rute 4, Nesdaalsfjell. På vestsida av Nesvikheia er det nydeleg utsikt utover heile Jøsnesbygda, og vestover fjorden. Høgaste punkt 250 moh. Ved stiskillet ved Storhoggtjødna tar ein ned Øygjadalen rute 10. Nesten nede ved Bastlid: følg skilt mot Nesvik. Finfin sti i høgda over Jøsenfjorden. Dels oppmurte parti på stien mot Nesvik, Svenskeveien. Heile runden ca 5 km, gangtid ca 2,5 t.

Tips: husmannsplassane Sveå og Dokkjå.

Tur 9. Høgafjell, 230 moh, Knutsvik – Turpost Helselaget

Start er «sentrum» i Knutsvik. Følg hyttevegen til enden av Øygarden hyttefelt. Ta gjerne avstikkar ned til markant stor stein i strandkanten, Hårsteinen. Deretter merka sti forbi hyttene og bratt oppover. Eit bratt, kort ulendt parti ved Hundastien. Deretter opp i fin furuskog til topps: Høgafjell. Fine opne berg, og kanonutsikt utover Nedstrandsfjorden og Bandåsen. Rundtur vidare austover, og ned tilbake via Morkjavegen (skogsveg/hytteveg). Rundturen er ca 5,5 km, ca 2 t.

Tur 10. Øygjadalen, Bastlid – Foss

Stien var landverts forbindelse for husmenn under Foss på 1800-talet. På 1900-talet var stien òg skuleveg for borna i Bastlid. Stien passerer husmannsplassane Sveå og Dokkjå, som ligg på flatar i bakkane opp frå Bastlid. Artig og fin tur i delvis bratt og frodig skogsterrang. Kan kombinerast med stiar på Nesvikheia og/el innover Fossmarka. Bastlid–Foss: ca 3 km, gangtid ca 1,5 time.



Tur 11. Fosstemmen, 380 moh, Fossmarka – Turpost Helselaget

Fosstemmen er hjarta i turriket på Jøsneset; både pga sentral beliggenhet ift andre ruter og fordi det er bygd ein flott gapahuk her. Gapahuken «Kalvagaren» er open for alle turgåarar. Her er det bålpanne, bord/benker, ved og to kanoar som kan brukast på vatnet. Det er stødige benker i gapahuken, og det går fint an å overnatte her med god sovepose og liggeunderlag. Fleire ruter opp. Det vanlegaste er den bratte skogsvegen rett opp frå Foss, ca 2,5 km, eller følgje gamlestien frå Foss som tek av frå skogsvegen ved Orva. Foss-Fosstemmen; ca 5 km, gangtid ca 1,5 t.



Tur 12. Håvehammar, 260 moh – Turpost Helselaget

Håvehammar er det mest populære turmålet på Jøsneset. Turposten ligg sentralt i bygda, det er fleire ruter hit og det er formidabel utsikt. Frå Åsland: flatt, lett og barnevennleg. Frå Asheim: bratt, men raskt og enkelt. Frå Foss: enda brattare og litt kortare. «Knutastien» frå Tonå er kun på sti, og er lettleg, åpen og fin. Bord/benker, ta med familien, niste og kaffe. Finfin småbarnsfamilietur. Gangtid: avhengig av trasèval, 1–2 timar t/r.